

VEDLEGG 8

Høyringsfråsegner innkomne etter utsending av saka

1. Flora kommune – endeleg fråsegn
2. Balestrand kommune
3. Solund kommune
4. Selje kommune
5. Stryn Kommune – endeleg fråsegn
6. Gaular kommune
7. Utdanningsforbundet - tilleggsfråsegn
8. Nynorsk kultursentrum – endeleg fråsegn
9. Bokmålsforbundet



Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
075/16	Formannskapet	PS	29.11.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Heggheim	K1 - 026, K1 - 002, K3 - &35	16/2465

Offentleg høyring om regionreforma - fråsegn frå Flora kommune

Framlegg til vedtak:

1. Flora kommune støttar intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til «Vestlandsregionen»
6. Vi meiner premissa som ligg til grunn i avtalen er viktige:
 1. overføring av viktige samfunnsoppgåver frå stat til den nye regionen
 2. kollektivtransporten og vidaregåande opplæring skal framleis ligge til regionalt nivå
 3. ein legg til grunn at dagens tre fylkeskommunar går inn i regionen i sin heilskap på like vilkår
 4. fylkesmannen får ei organisering som speglar den nye regionen
 5. fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltningsmodell med base i Sogn og Fjordane
3. Med eit kommune- og regionlandskap i endring, vil rolla som regional utviklingsaktør vere viktig. Ved å styrke samarbeidet med kommunane og regionråda, vil denne rolla bli tydlegare
4. Flora kommune meiner det vil bli gjennomført ei reell regionendring og at vi vil få færre og større regionar frå 2020. Då meiner vi det vil vere vanskeleg at Sogn og Fjordane, som eit av landet sine minste fylket, står aleine etter 2020
5. Flora kommune meiner det vil vere uheldig å dele fylket. Vi er eitt av få fylke som framleis deler ein fylkesidentitet og fellesskapskjensle. Den kan bestå om vi likevel går inn i ein ny politisk- og administrativ region. Men vi kan lett misse den om vi blir delt



6. Flora kommune meiner fylket kjem godt ut med omsyn til oppgåver når det gjeld politisk- og administrativ organisering. For Sunnfjord sin del vil vi behalde – og styrke – fylkeskommunen sin kulturadministrasjon. Og vi vil ha ein sterk vegadministrasjon i fylket. Fylkesmannen vil på si side ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane, og landbruksavdelinga, som dag ligg i Sunnfjord, vil også bli styrka

7. Ei etablering av ein Vestlandsregion vil samsvare med kommunereforma. Regionen vil bli ein god samarbeidsaktør og gi oss betre grunnlag for å samarbeide tettare på heile Vestlandet. Samstundes vil både kommunereforma med færre, men større kommunar saman med ein ny region skape ei langt sterkare og tydelegare stemme inn mot sentrale styresmakter. Men òg internasjonalt vil den nye regionen saman med den nye kommunestrukturen spele ei sterkare rolle t.d. innan olje og gass, fiskeri og maritim industri, samferdsle, innovasjon, reiseliv og kultur

8. Flora kommune meiner avslutningsvis at administrasjonsspråket må vere nynorsk, i samsvar med dialekt- og skriftbruken på Vestlandet.

Framlegg frå Repr. Jacob Nødseth, Samlingslista:

Endringar:

Punkt 2 e - vert endra til:

Flora kommune er positiv til at fylkesmannsembetet skal ha ein desentralisert forvaltningsmodell med base i Sogn og Fjordane, og meiner det er mest naturleg at denne vert i Florø og Førde.

Punkt 6 - tillegg innledningsvis:

Flora kommune meiner ein må nytte regionreforma til å rette opp i ei skeivdeling i regionale offentlege og statlege arbeidsplassar som har skjedd over mange tiår i Sogn og Fjordane. Ein bør difor ikkje låse seg til tidlegare tenestestader i dei eksisterande fylka. Konkret meiner Flora kommune at Florø bør få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar gjennom regionreforma.

Pukt 8:

"Må" vert endra til "bør".



Framlegg frå Repr.Bente Nilsen,SV:

1. Flora kommune støttar ikkje intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til "Vestlandsregionen"
2. Vi meiner premissane som ligg til grunn i avtalen, ikkje er tilstrekkeleg avklara på oppgåver som skal overførast frå stat til region.
3. Vi meiner det ikkje er tilstrekkeleg avklart korleis lokalt eigarskap skal handterast i ein framtidig storregion, der tema som lokalisering og omfang av oppgåver i dei kommunane som i dag er vertskommunar til dømes SFE.
4. Vi meiner det ikkje er tilstrekkeleg avklart korleis den framtidige skolestrukturen og tilbodet vil bli i intensjonsavtalen. For Sogn og Fjordane er det viktig å halde på ein desentralisert vidaregåande struktur som i dag med god kvalitet for elevane og viktige arbeidsplassar i dei kommunar som har vidaregåande skular.

Framlegg frå Repr.Jan Henrik Nygård,V/Solveig Willis,AP:

Nytt pkt.8.

Organisering av ungdomspolitisk arbeid skal vere med i den vidare prosessen med regionsreforma

Framlegg frå ordførar Ola Teigen,AP:

Tillegg til pkt.6:

Offentlege arbeidsplassar knytta til typiske kystnæringar (olje,havbruk) i Flora er viktige miljø som må leve vidare og styrkast i den nye regionen.

Terje Heggheim
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.
Formannskapet - 075/16

FORM - handsaming:

Røysting:

Framlegget frå **SV** fall mot ei -1- røyst.

Pkt.1 i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Pkt.2 a-d vart samrøystes vedtekne.



Pkt.2e vart tilrådinga vedteken med 10 mot ei -1- røyst.

Pkt.3,4 og 5 vart samrøystes vedtekne.

Pkt.6 : Tilrådinga og tilleggspunkta frå Nødseth og Teigen vart samrøystes vedtekne.

Pkt.7 : Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Pkt.8: Nytt pkt. 8 - framlegg frå Nygård vart samrøystes vedteke.

Pkt.8 i tilrådinga vert pkt.9 med endring frå **må** til **bør** som framlegg frå Nødseth.

FORM - vedtak:

1. Flora kommune støttar intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til «Vestlandsregionen»
2. Vi meiner premissa som ligg til grunn i avtalen er viktige:
 - a. overføring av viktige samfunnsoppgåver frå stat til den nye regionen
 - b. kollektivtransporten og vidaregåande opplæring skal framleis ligge til regionalt nivå
 - c. ein legg til grunn at dagens tre fylkeskommunar går inn i regionen i sin heilskap på like vilkår
 - d. fylkesmannen får ei organisering som speglar den nye regionen
 - e. fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltningsmodell med base i Sogn og Fjordane
3. Med eit kommune- og regionlandskap i endring, vil rolla som regional utviklingsaktør vere viktig. Ved å styrke samarbeidet med kommunane og regionråda, vil denne rolla bli tydlegare
4. Flora kommune meiner det vil bli gjennomført ei reell regionendring og at vi vil få færre og større regionar frå 2020. Då meiner vi det vil vere vanskeleg at Sogn og Fjordane, som eit av landet sine minste fylket, står aleine etter 2020
5. Flora kommune meiner det vil vere uheldig å dele fylket. Vi er eitt av få fylke som framleis deler ein fylkesidentitet og fellesskapskjensle. Den kan bestå om vi likevel går inn i ein ny politisk- og administrativ region. Men vi kan lett misse den om vi blir delt



6. Flora kommune meiner ein må nytte regionreforma til å rette opp i ei skeivdeling i regionale offentlege og statlege arbeidsplassar som har skjedd over mange tiår i Sogn og Fjordane. Ein bør difor ikkje låse seg til tidlegare tenestestader i dei eksisterande fylka. Konkret meiner Flora kommune at Florø bør få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar gjennom regionreforma.

Flora kommune meiner fylket kjem godt ut med omsyn til oppgåver når det gjeld politisk- og administrativ organisering. For Sunnfjord sin del vil vi behalde – og styrke – fylkeskommunen sin kulturadministrasjon. Og vi vil ha ein sterk vegadministrasjon i fylket. Fylkesmannen vil på si side ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane, og landbruksavdelinga, som i dag ligg i Sunnfjord, vil også bli styrka. Offentlege arbeidsplassar knytta til typiske kystnæringar (olje, havbruk) i Flora er viktige miljø som må leve vidare og styrkast i den nye regionen.

7. Ei etablering av ein Vestlandsregion vil samsvare med kommunereforma. Regionen vil bli ein god samarbeidsaktør og gi oss betre grunnlag for å samarbeide tettare på heile Vestlandet. Samstundes vil både kommunereforma med færre, men større kommunar saman med ein ny region skape ei langt sterkare og tydlegare stemme inn mot sentrale styresmakter. Men òg internasjonalt vil den nye regionen saman med den nye kommunestrukturen spele ei sterkare rolle t.d. innan olje og gass, fiskeri og maritim industri, samferdsle, innovasjon, reiseliv og kultur

8. Organisering av ungdomspolitisk arbeid skal vere med i den vidare prosessen med regionsreforma

9. Flora kommune meiner avslutningsvis at administrasjonsspråket bør vere nynorsk, i samsvar med dialekt- og skriftbruken på Vestlandet.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Det er forhandla fram ein intensjonsavtale om samanslåing av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Dette er Flora kommune si fråsegn.

Fråsegna byggjer på saka som er utgreidd for *Samarbeid i Sunnfjord*.

Bakgrunn for saka

Stortinget har vedtatt at det framleis skal vere tre folkevalde nivå i Norge: kommune, region og stat. Ein har samstundes sagt at ei halvering av tal fylkeskommunar frå 19 til 10 vil legge til rette for ei meir effektiv samhandling mellom region og stat.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt ut intensjonsavtalen om samanslåing mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ut på offentlig høyring og ber om grunngeve synspunkt, tydlege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma.

Frist for høyringsmerknader er sett til 23. november 2016, men det er munnleg orientert om at vi har frist fram til 25. november 2016. For fylkeskommunane er fristen til å kome med innspel til regionreforma desember 2016. Reforma vil bli handsama i Stortinget i løpet av våren 2017.

I Meld. St. 22 (2015–2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver*, som Stortinget vedtok juni 2016, rår ein til ei regionreform frå 2020, samtidig med kommunereforma. Reforma skal ut frå regionale muligheiter og fortrinn legge til rette for utvikling og vekst i alle delar av landet, og for betre samordning av sektorar og prioriteringar. Ein vil særleg tydeliggjere og utvikle det regionale folkevalde nivå som samfunnsutviklar. Den regionale inndelinga bør femne om større og meir funksjonelle regionar, som er meir i samsvar med dei samfunnsutfordringar regionalt folkevald nivå skal bidra til å løyse.

Fylkeskommunane har frå regjeringa fått i oppdrag å gjennomføre «nabopraten» for å greie ut tenlege regionløysingar. For fylkeskommunane på Vestlandet var



samarbeidet med Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland gjennom Vestlandsrådet eit naturleg utgangspunkt for slike samtalar. Møre og Romsdal gav likevel våren 2016 melding om at dei ikkje ønskte å ta del i «nabopraten» sørover.

I vedtaket om offentleg høyring presiserer fylkestinget i Sogn og Fjordane at ein legg til grunn at dei to andre fylkestinga (i Rogaland og Hordaland) òg legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. I motsett fall vil Sogn og Fjordane fylkeskommune vurdere nye regionløysingar. Fylkestinget legg elles til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk, som ei naturleg følgje av at nynorsk er ein viktig identitetsbyggjar. Fylkestinget legg òg som premiss at fylket vårt ikkje skal delast, men eventuelt gå samla inn i ein ny region.

Sentrale sider ved intensjonsavtalen

Intensjonsavtalen tar utgangspunkt i ei samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og tek namnet «Vestlandsregionen». Den vil dekkje store deler av Vestlandet og ha eit folketal på 1,1 million innbyggjarar. I intensjonsavtalen vert det bl a lagt vekt på:

1. Det er eit vilkår for samanslåing at Vestlandsregionen får overført ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver, samt at ein får behalde dei viktigaste oppgåvene fylkeskommunane har i dag.
2. Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. Hovudmåla er vidare å skape eit sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region, sikre ei framtidretta samfunnsutvikling, det skal vere høg kvalitet i tenestene, og ein skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet
3. Regiontinget får 71 representantar, vert etablert som ein samla valkrins og skal tuftast på formannskapsmodellen som politisk styringsform
4. Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing. Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Møta i hovudutval for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til Stavanger medan møta i hovudutval



for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.

1. Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og følgjande fire hovudutval:
- Samferdsle
 - Næring
 - Opplæring
 - Kultur og idrett.

Den administrative organiseringa vil spegle den politiske og bli fordelt geografisk slik:

- Næring, opplæring, idrett og samferdsle (kollektivtransport) i Rogaland
- Kultur og samferdsle (veg) i Sogn og Fjordane

6. Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal disponerast av det nye regiontinget. Sogn og Fjordane fylkeskommune blir, på grunn av høge netto formuesverdiar og lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, gitt høve til å byggje opp investerings- og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 AS skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr

7. Fellesnemnda skal vere samansett av til saman 30 medlemmer frå fylkestinga slik:

Sogn og Fjordane : 7 representantar

Hordaland : 12 representantar

Rogaland : 11 representantar

Arbeidsutval med 11 medlemmer vert fordelt slik:

Sogn og Fjordane : 3 representantar

Hordaland : 4 representantar



Rogaland : 4 representantar

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane stiller elles følgjande premiss for å etablere Vestlandsregionen:

- a. Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå
- b. Ansvar for kollektivtransport og vidaregåande opplæring skal framleis liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c. Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d. Ein føreset at alle tre fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen
- e. Ein legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur
- f. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leing frå Sogn og Fjordane.

Vurdering

Fylkeskommunane er i dag både tenesteprodusentar, myndigheitsutøvarar og samfunnsutviklar. Rolla og funksjonen har endra seg sidan den kom i 1976. Fylkeskommunen som demokratisk arena og tenesteprodusent har blitt redusert, spesielt frå 2002 då ansvaret for spesialisthelsetenesta og barnevern vart overført til staten. Samstundes er samfunnsutviklarrolla vektlagt. Dette vart ytterlegare forsterka i samband med forvaltningsreforma i 2010, der fylkeskommunane fekk ansvar for hovuddelen av tidlegare riksvegar. Den mest sentrale delen her er nok den regionale utviklarrolla, med særleg vekt på regional planlegging.

Flora kommune meiner rolla som regional utviklingsaktør har vore ei vanskeleg rolle for fylkeskommunane og som enno ikkje har funne si endelege form. Generelt sett er det framleis eit potensiale med omsyn til å styrke samarbeidet med kommunane og nytte kommunane meir i arbeidet med å utvikle rolla som regional utviklingsaktør.

Det er gjennomført fleire analyser med mål om å vurdere endring av strukturen og storleiken på regionane. Og som følgje av det har ein fått ein flora av analyser om ein framtidig regionstruktur i Norge. Vi meiner alt tyder på at det vil bli gjennomført ein reell regionendring og at vi vil få færre og større regionar frå 2020. Sogn og Fjordane er eitt av dei



minste fylka i landet, og det vil vere vanskeleg å sjå føre seg at Sogn og Fjordane får stå aleine også etter 2020.

Flora kommune legg òg til grunn premissen frå vårt eige fylkesting om at det vil vere svært uheldig å dele fylket. Det er fleire grunnar til dette, eit av dei handlar om identitet og felleskap. Vi er eitt av få fylke som framleis har ein fylkesidentitet. Den kan vi misse om vi blir delt. Men det er truleg større grunnar for å kunne framleis behalde denne om vi går samla inn i ein større region.

Flora kommune meiner vidare at vi kjem godt ut med omsyn til lokalisering og fordeling av oppgåver når det gjeld politisk- og administrativ organisering. For Sunnfjord sin del vil vi behalde – og styrke – fylkeskommunen sin kulturadministrasjon. Og vi vil ha ein sterk vegadministrasjon i fylket. Fylkesmannen vil på si side ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane, og landbruksavdelinga, som dag ligg i Sunnfjord, vil truleg også bli styrka.

Fordeling av representantar for fellesnemnda i overgangsperioden frå 2017 til 2020, er òg vekta godt. Sogn og Fjordane får 7 av 30 medlemmer og 3 av 11 medlemmer i arbeidsutvalet.

Ei etablering av ein Vestlandsregion vil òg samsvare godt med kommunereforma. Kommunereforma, vil med færre, men større kommunar - saman med eit ny region, skape ei sterkare og tydlegare stemme inn mot sentrale styresmakter. Men òg internasjonalt vil den nye regionen saman med den nye kommunestrukturen spele ei sterkare rolle t.d. innan olje og gass, fiskeri og maritim industri, samferdsle, innovasjon, reiseliv og kultur.

Avslutningsvis; vi meiner at administrasjonsspråket må vere nynorsk, i samsvar med dialekt- og skriftbruken på Vestlandet.

Vedlegg:

Intensjonsplan+(15.09.2016).docx.as

2

Saksprotokoll

Utvalg: Kommunestyret
Møtedato: 17.11.2016
Sak: 69/16

Resultat:

Arkivsak: 16/1052
Tittel: Protokoll - Regionreforma på Vestlandet - høyring

Handsaming:

Representanten Arnstein Menes fram mindretalet i formannskapet sitt framlegg til uttale:

Balestrand kommune ser ikkje at det er grunnlag for å slå saman fylkeskommunar på noverande tidspunkt. Grunngeving for dette er mellom anna:

- Det er ikkje tilført vesentlege nye oppgåver til eit regionalt folkevald nivå.
- Den geografiske avstanden mellom regional forvaltning og kommunane vil auke dramatisk med ein ny tre-fylke Vestlandsregion. Det er viktig at eit regionalt folkevald nivå har kunnskap om og god kontakt med kommunenivået, og kommunestrukturen blir, ut frå dei vedtak som er fatta lokalt, neppe vesentleg endra i nær framtid.
- Den framforhandla intensjonsavtalen sikrar ikkje nynorsken sin posisjon som administrasjonsspråk i ein eventuell Vestlandsregion.

Kommunestyret røysta alternativt tilråding frå Arnstein Menes og framlagt tilråding frå formannskapet. Framlegget frå formannskapet vart vedteke med 10 mot 7 røyster.

Vedtak:

Balestrand kommunestyre støttar opp om intensjonsplanen om samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylke til ein felles vestlandsregion med verknad frå 1.1.2020.

Balestrand kommunestyre legg til grunn at Stortinget vedtek og gjennomfører dei premissane som er nedfelt i pkt. 10 i intensjonsplanen.

Balestrand kommunestyre meiner det må vera eit absolutt krav at:

- fylka i sin heilskap inngår i den nye regioneininga,
- administrasjonsspråket blir nynorsk,
- fylkesmannsembetet får ei regional inndeling som samsvarar med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur og
- at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke med leiing plassert på Leikanger i Sogn og Fjordane.

Vedteke 10 mot 7.

3

Fra: Tor Arne Hauge <Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no>

Dato: 1. desember 2016 kl. 15.26.00 CET

Til: "'tore.eriksen@sfj.no'" <tore.eriksen@sfj.no>

Kopi: Sollaug Steinsund Osland <Sollaug.Steinsund.Osland@solund.kommune.no>, Gunnlaug Olsvoll Røed <Gunnlaug.Olsvoll.Roed@solund.kommune.no>, Erik Askeland <Erik.Askeland@solund.kommune.no>

Emne: Høringsuttale frå Solund kommune

Ettersending av høringsuttale

Solund kommunestyre har i møte i dag 01.12.16 handsama k.sak 068/16 *Intensjonsavtale om samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland - høringsuttale frå Solund kommune.*

Solund kommunestyre har i dag vedteke fylgjande :

Ksak 68/16:

Solund kommunestyre har fylgjande merknader til den framlagte intensjonsavtalen:

Proessen rundt regionreforma vert opplevd som mangelfull, og det er ikkje kome lovnader om nye oppgåver til dei nye regionane som vi meiner tilseier at ein bør vedta ein ny Vestlandsregion.

Solund kommune meiner at oppgåveløysinga på regionnivå vert godt ivareteke med den organiseringa ein har i dag, og er uroa for at både vår kommune og store delar av Sogn og Fjordane vert verande i «utkanten» av ein stor region som vil ha tyngdepunkt rundt dei store byane.

Vi er også uroa over geografisk representasjon i ein ny region, både til det folkevalde regionnivået og ved eit Stortingsval.

Å vedta å gå inn i ein ny region som omfattar eit så stort geografisk område utan at ein har klårare signal om auka oppgåver, vil etter vårt syn auke avstanden mellom lokalt og regionalt forvaltningsnivå.

Den framforhandla intensjonsavtalen legg til grunn at dei ulike tenesteområda er fordelt mellom fylka. Ein styrke ved Fylkeskommunen slik den er i dag, er nærleik og heilskapstenking mellom dei ulike tenesteområda. Vi er uroa over at dette vil verte redusert ved den organiseringa som er lagt til grunn i framlegget til avtale.

- 1. Solund Kommunestyre meiner difor at Sogn og Fjordane bør halde fram som eige fylke, då det ikkje er føreslege å overføre nye større oppgåver til det regionale nivået som tilseier større regionar.*
- 2. Dersom det vert ei pålagt samanslåing, vil Hordaland vere mest aktuelt fylke å slå seg saman med.*
- 3. Sogn og Fjordane fylke skal ikkje delast opp.*

Vi beklagar at uttalen frå Solund kommune vert sendt etter høyringsfristen, men vonar likevel at den kan ettersendast til fylkestingspolitikarane.

Venleg helsing

> **Tor Arne Hauge**

Næring- og naturforvaltar

Adresse: Solund kommune, 6924 Hardbakke

Telefon: 57 78 62 27/ 901 92 471

E-post: tor.arne.hauge@solund.kommune.no

Heimeside: www.solund.kommune.no

Her kan du sjå ein kort film om Solund: <http://www.youtube.com/watch?v=E3RbqQhfrQQ>



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref:
16/20304-6

Dykkar ref.

Dato:
01.12.2016

Høyringsvar frå Selje kommune - Intensjonsplan for samanslåing vestlandsfylka

Selje kommune handsama saka i Formannskapet 24.11.16 – sak 95/16.
Møteboka frå møtet er ikkje klar.

Selje kommune sin uttale som vart samrøystes vedteken følgjer vedlagt.

Helsing
Ørnulf Lillestøl
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Stein Robert Osdal

Vedlegg:
FS 24.11.16 Vedtak 95.16 Høyring Samanslåing av vestlandsfylka 1327967 01.12.2016

Selje kommune og Formannskapet 24.11.16 sitt samrøystes vedtak i sak 95/16:

Hørings svar frå Selje kommune

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer tilbakemelding på fylgjande punkt:

Fylkeskommunen sitt utgangspunkt er at eit fleirtal på Stortinget, ved handsaminga av stortingsmelding 22, la til grunn at tal fylke skal reduserast frå 19 til om lag 10 regionar. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylket vårt ikkje skal delast, men eventuelt gå samla inn i ein ny og større region.

Selje kommune har i utgangspunktet vert lojal mot strategien om at fylket samla skal gå inn i ein ny region. Denne strategien står vi fortsatt på. Det å slå saman desse tre fylka vil gjere Vestlandet til ein maktsenter i Noreg. Skepsisen til Selje for denne samanslåinga er at vi fryktar at Bergen – Stavanger regionen vert for sterk og dette vil medføre ei tapping av Sogn og Fjordane. Intensjonsavtalen demmer noko opp for dette men det er ikkje til å unngå ein sentralisering ved å slå saman Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det hadde vert ei betre løysing for Sogn og Fjordane at vi fekk ein samanslåing av heile eller deler av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fylkeskommunen ber høyringsinstansane særleg om tilbakemelding på følgjande tema:

Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til (jf. vedlegg 1).

1. Slik avtalen no ligg føre vil Selje kommune ikkje kunne gå inn for ein samanslåing av dei tre fylka.
2. Ein region der heile eller deler av Møre og Romsdal er med er ei betre løysing for Sogn og Fjordane enn Rogaland til Sogn og Fjordane

Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion. Dette kan også vere supplement til «kravlista» som ligg i punkt 10 i nemnde intensjonsplan.

1. I avtalen bør ein sikre vidare eksistens for Sogn og Fjordane Energi på ein slik måte at aktivitet og arbeidsplassar fortsatt vert verande i Nordfjord og i fylket generelt.
2. Det er 85 kommunar i regionen, heile 67 kommunar har nynorsk språkvedtak, 15

er nøytrale og 3 er bokmålskommunar. Selje kommune meiner at nynorsk som offisielt språk må vere sjølvstgt.


Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
207/16	Formannskapet	23.11.2016
095/16	Kommunestyret	24.11.2016

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland - høyringsfråsegn.
Bakgrunn for saka:

Det føreligg eit framforhandla framlegg til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein region/eitt fylke. Framlegget har vore handsama av fylkestinget i Sogn og Fjordane som gjorde følgjande vedtak:

1. *Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på brei, offentleg høyring, der alle får høve til å sende høyringssvar, i perioden 26.10. – 23.11.2016.*
2. *Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.*
3. *Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følge av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.*
4. *Fylkestinget tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Ein vil då ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.*

Saka byggjer på St.mld 14 (2014-15) der det vart vedteke å invitere fylkeskommunane inn i kommunereforma, og at det skal leggest fram forslag til nytt regionalt folkevald nivå våren 2017. Det er frå sentralt hald uttrykt ei målsetting om at redusere talet på fylke frå dagens 19 til 10-11 – m.a.o. nesten ei halvering.

I høyringsbrevet frå fylkeskommunen er det uttrykt ynskje om synspunkt på:

- Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til.
- Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion. Dette kan også vere supplement til «kravlista» som ligg i punkt 10 i nemnde intensjonsplan.

Fylkestinget sitt vedtak med sakstilfang er oversendt m.a. kommunane til høyring med høyringsfrist 23.11.2016.

Vedlegg i saka:

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland - høyringsbrev	1331371
INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND 15.09.2016	1331372
Regionreforma på Vestlandet - utgreiing for etablering av Vestlandsregionen	1331373
Saksframlegg - Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland	1331374
Regionreforma - Uttale frå Ungdomsrådet	1331630

Saksopplysningar:

Alle fylkeskommunane er av regjeringa blitt oppmoda om «å ta nabopraten». For at det skal vere ein dialog, føreset det at naboen ynskjer dette, og for Sogn og Fjordane sin del har det lukkast å få i stand ein «nabopratt» med Hordaland og Rogaland. Dette har resultert i det saksgrunnlaget som ligg føre i denne saka.

Ein naturleg nabo å snakke med ville vere Møre og Romsdal, men dette fylket har valt å sjå bort frå slike ynskje frå nabofylka. Dermed sit ein no att med eitt framforhandla avtale-/planframlegg.

Det har i tillegg vore uttrykt ynskje om å dele fylka utan at dette har materialisert i form av formelle vedtak. Fylkeskommunane for sin del har aldri uttrykt sympati for tanken om ei oppdeling.

Slik rådmannen ser det, vil ev deling av fylke måtte skje gjennom sentrale vedtak i slutfasen av handsaminga av regionreforma for derigjennom å oppnå funksjonelle arrangeringar som naturleg bør sameinast ut frå kriterier som kultur, næringsliv, samferdsel, etablerte relasjonar m.v.

Det har i fleire samanhengar vore sagt at også den statlege organiseringa vil bli teken opp til revisjon når dei nye regionane er fastlagde. Rasjonelt sett vil dette innebære at dei nye regiongrensene vil vere grenser for langt fleire organiseringar enn kun den regionalpolitiske organiseringa.

Vurdering:

Den moderne fylkeskommunen har inga lang historie. Dagens fylkeskommune slik vi kjenner den, framstod etter lovendring i 1977, og sjølv om ei politisk organisering på fylkesnivået eksisterte også før den tid, skjedde dei store endringane i 1977.

Derimot har fylkesmannsembetet lang tradisjon, og det er naturleg å tru at også dette – tilliks med andre statlege etatar - blir berørt av regionreforma.

For Stryn sin del er dei historiske banda langt sterkare mot Møre og Romsdal enn sørover – både i eige fylke og fylka sør for oss. Når nordgrensa for den nye regionen, samt mange statlege administrative grenser, blir identisk med store deler av kommunegrensa til Stryn, seier det seg sjølv at naboskapet blir magert. Når ein legg til at store deler av Stryn si kommunegrense også vil vere felles med ein ny region i aust vil det vere få att å samhandle med i eige fylke/eigen region.

Ei flytting av politisk makt og medverknad frå dagens fylke til meir folkerike område vil redusere innbyggjarane sine moglegheiter til medverknad og påverknad. Det regionale demokratiet slik vi kjenner det i dag, vil gjennomgå store endringar til fordel for dei folkerike delene av den nye

regionen. Dette vil vere situasjonen uavhengig av kven som slær seg saman, men intensjonsplanen omfattar folkerike fylke og sterke tettstadar, og det vil forsterke den lokalpolitiske utarminga.

Slik rådmannen ser det, vil det for Stryn sin del vere langt meir tenleg å bli med i ein region som også omfattar Møre og Romsdal – eller deler av dette fylket. Tilsvarande ville det vore ein stor fordel for Stryn dersom deler av dagens Sogn og Fjordane – for eksempel Nordfjord – kunne blitt ein del av Møre og Romsdal.

Det er i høyringsbrevet frå fylkeskommunen sagt at høyringsinstansane skal gje til kjenne om det er andre/fleire krav som bør stillast overfor dei to andre fylka i intensjonsplanen. Slik rådmannen ser det, vil validiteten til slike krav ha kort levetid. Ein ny region vil – basert på eit politisk fleirtal – stå fritt til å føreta dei organiseringar og tilpasningar i ettertid som det kan vere politisk fleirtal for. Ein intensjonsavtale vil ikkje kunne binde opp det politiske fleirtalet i ein ny region over tid.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune kan ikkje sjå at det framforhandla forslaget til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil vere tenleg for Stryn og Sogn og Fjordane og oppmodar om at den vert forkasta.
2. Stryn kommune ser ein region beståande av Møre og Romsdal ev kun Sunnmøre, Sogn og Fjordane og ev Hordaland som ein langt betre konstellasjon enn det intensjonsplanen legg opp til, og sjølv om det ikkje lukkast å kome fram til nokon intensjonsavtale om dette, bør Stortinget – som det avgjerande organet – sterkt oppmodast om å konkludere med eit slikt resultat.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Ved avrøystinga røysta 6 for tilrådinga, medan 1 røysta mot.

FO- 207/16 Vedtak:

1. Stryn kommune kan ikkje sjå at det framforhandla forslaget til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil vere tenleg for Stryn og Sogn og Fjordane og oppmodar om at den vert forkasta.
2. Stryn kommune ser ein region beståande av Møre og Romsdal ev kun Sunnmøre, Sogn og Fjordane og ev Hordaland som ein langt betre konstellasjon enn det intensjonsplanen legg opp til, og sjølv om det ikkje lukkast å kome fram til nokon intensjonsavtale om dette, bør Stortinget – som det avgjerande organet – sterkt oppmodast om å konkludere med eit slikt resultat.

Kommunestyret 24.11.2016:

Handsaming:

Sp v/Per Kjøllesdal fremja forslag om følgjande endringar:

« Stryk «ev kun Sunnmøre» i pkt 2 og «ev» framfor Hordaland i same punkt.

Nytt pkt 3: Stryn kommune føreset at Sogn og Fjordane ikkje blir delt.»

Krf fremja følgjande framlegg:

«Den framforhandla intensjonsavtala for Vestlandsregionen syner ein vilje til at alle område, både bygdene og byane, skal takast omsyn til og sikre vidare vekst. Vi meiner likevel at Hordaland og Rogaland tilsaman fører til at tyngdepunktet for regionen blir liggande for langt sør. Stryn har, som resten av Nordfjord, alltid hatt tett samarbeid med Sunnmøre. Om Møre og Romsdal sine ambisjonar om å bli verande som eige fylkes ikkje skulle lukkast, ser vi det som sterkt ynskjeleg at heile, eller deler av fylket, går inn i same region som Sogn og Fjordane og Hordaland.»

Det vart først gjennomført prøverøysting med slikt resultat over Krf sitt framlegg. Her røysta 3 for og 22 mot. Krf trekte deretter framlegget sitt.

Det vart deretter gjennomført prøverøysting over Sp sitt framlegg:

Pkt 1 i tilrådinga frå formannskapet: 1 røysta mot, medan 24 røysta for.

Pkt 2 i tilrådinga med følgjande endring; Stryk «ev kun Sunnmøre». 14 røysta for dette, medan 11 røysta mot.

Pkt 2 i tilrådinga der ordet «ev» framfor Hordaland vert teke ut. 16 røysta for dette, medan 9 røysta mot.

Framlegget om nytt pkt 3: samr.

Endeleg avrøysting:

Pkt 1 i tilrådinga frå formannskapet: 1 røysta mot, medan 24 røysta for.

Pkt 2 i tilrådinga inkl å stryke «ev kun Sunnmøre»: 22 røysta for, medan 3 røysta mot.

Pkt 2 i tilråding med stryking av «ev» framfor Hordaland: samr

Nytt pkt 3 som fremja av Sp: 1 mot 24 for.

KS- 095/16 Vedtak:

1. Stryn kommune kan ikkje sjå at det framforhandla forslaget til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil vere tenleg for Stryn og Sogn og Fjordane og oppmodar om at den vert forkasta.
2. Stryn kommune ser ein region beståande av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland som ein langt betre konstallasjon enn det intensjonsplanen legg opp til, og sjølv om det ikkje lukkast å kome fram til nokon intensjonsavtale om dette, bør Stortinget – som det avgjerande organet – sterkt oppmodast om å konkludere med eit slikt resultat.
3. Stryn kommune føreset at Sogn og Fjordane ikkje blir delt.

30.11.2016 Formannskapet



Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FS- 104/16 Vedtak i:

Det framlagte avgiftsregulativet for Alden hamneområde for 2017 vert godkjent.

105/16: Regionreforma ofentleg høyring

Rådmannen si tilråding:

Gaular kommune støttar intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til «Vestlandsregionen».

30.11.2016 Formannskapet

Handsaming:

Nytt framlegg til vedtak frå Sp framsett av Kari Birkeland:

Ja til Sogn og Fjordane.

Intensjonsavtale mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland legg til grunn at ny region skal få tilført nye og store oppgåver. Desse er ikkje definert eller avklara i intensjonsavtalen og med bakgrunn i dette meiner Gaular kommune at grunnlaget for samanslåing ikkje er grundig nok utgreidd. I ei så viktig sak burde det vore gjennomført rådgjevande folkerøysting.

Gaular kommune har følgjande synspunkt på innhaldet i avtalen:

* Sogn og Fjordane må i framtida vere eige valdistrikt og ha eigen representasjon til Stortinget.

* Nynorsk må vere administrasjonsmål.

Det ligg føre 2 framlegg for røysting. Ordføraren tilrådde alternativ røysting. Formannskapet slutta seg til dette.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster medan Sp sitt framlegg fekk 2 røyster.

FS- 105/16 Vedtak i:

Gaular kommune støttar intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til «Vestlandsregionen».

106/16: Fv. 57 Haugsbø - Storehaug, oppstart av planarbeid og forslag til planprogram på offentlig ettersyn



Arkiv: FE - 023
Saksmappe: 16/936
JournalpostID: 16/8472
Sakshandsamar: Atle Fasteland
Dato: 24.11.2016

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Regionreforma ofentleg høyring

Rådmannen si tilråding:

Gaular kommune støttar intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til «Vestlandsregionen».

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Stortinget har vedtatt at det framleis skal vere tre folkevalde nivå i Norge: kommune, region og stat. Ein har samstundes sagt at ei halvering av tal fylkeskommunar frå 19 til 10 vil legge til rette for ei meir effektiv samhandling mellom region og stat.

I denne saka legg fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune intensjonsavtalen om samanslåing mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ut på offentleg høyring og ber om grunngjeve synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma.

Frist for høyringsmerknader er sett til 23. november 2016, men munnleg er det orientert om at vi har frist fram til 25. november 2016. Samarbeidsutvalet i Sunnfjord (SiS) vil handsama ei mogeleg høyringsuttale 25. november 2016. For fylkeskommunane er fristen til å kome med innspel til regionreforma desember 2016. Reforma vil bli handsama i Stortinget i løpet av våren 2017.

Saksutgreiing:

I Meld. St. 22 (2015–2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver*, som Stortinget vedtok juni 2016, rår ein til ei regionreform fra 2020, samtidig med kommunereforma. Reforma skal ut frå regionale muligheiter og fortrinn legge til rette for utvikling og vekst i alle delar av landet, og for betre samordning av sektorar og prioriteringar. Ein vil særleg tydeliggjere og utvikle det regionale folkevalde nivå som samfunnsutviklarar. Den regionale inndelinga bør femne om større og meir funksjonelle regionar, som er i betre samsvar med dei samfunnsutfordringar regionalt

folkevald nivå skal bidra til å løyse.

Fylkeskommunane har frå regjeringa fått i oppdrag å gjennomføre «nabopraten» for å greie ut tenlege regionløyisingar. For fylkeskommunane på Vestlandet var samarbeidet med Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland gjennom Vestlandsrådet eit naturleg utgangspunkt for slike samtalar. Møre og Romsdal gav likevel våren 2016 melding om at dei ikkje ønskte å ta del i «nabopraten» sørover.

I vedtaket om offentleg høyring presiserer fylkestinget i Sogn og Fjordane at ein legg til grunn at dei to andre fylkestinga (i Rogaland og Hordaland) òg legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. I motsett fall vil Sogn og Fjordane f nynorsk vert administrasjonsspråk, som ei naturleg følgje av at nynorsk er ein viktig identitetsbyggjar. Fylkestinget legg òg som premiss at fylket vårt ikkje skal delast, men eventuelt gå samla inn i ein ny og større region.

Sentrale sider ved intensjonsavtalen

Intensjonsavtalen tar utgangspunkt i ei samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og den nye regionen får namnet «Vestlandsregionen». Den vil dekkje store deler av Vestlandet og ha eit folketal på 1,1 million innbyggjarar. Kort opplista legg ein vekt på følgjande sider i intensjonsavtalen:

- ✓ Det er eit vilkår for samanslåing at Vestlandsregionen får overført ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver, samt at ein får behalde dei viktigaste oppgåvene fylkeskommunane har i dag.
- ✓ Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. Hovudmåla er vidare å skape eit sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region, sikre ei framtidsetta samfunnsutvikling, det skal vere høg kvalitet i tenestene, og ein skal sikre ein framtidsetta infrastruktur på Vestlandet
- ✓ Regiontinget får 71 representantar, vert etablert som ein samla valkrins og skal tuftast på formannskapsmodellen som politisk styringsform
- ✓ Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing. Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Møta i hovudutval for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til Stavanger medan møta i hovudutval for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.
- ✓ Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og følgjande fire hovudutval:
 - Samferdsle
 - Næring
 - Opplæring
 - Kultur og idrett.

Den administrative organiseringa vil spegle den politiske og bli fordelt geografisk slik:

- Næring, opplæring, idrett og samferdsle (kollektivtransport) i Rogaland
- Kultur og samferdsle (veg) i Sogn og Fjordane
- ✓ Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal disponerast av det nye regiontinget. Sogn og Fjordane fylkeskommune blir, på grunn av høge netto formuesverdiar og lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, gitt høve til å byggje opp investerings- og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av

Fjord1 AS skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr

✓ Fellesnemnda skal vere samansett av til saman 30 medlemmer frå fylkestinga slik:

- Sogn og Fjordane: 7 representantar
- Hordaland: 12 representantar
- Rogaland: 11 representantar

Arbeidsutval med 11 medlemmer vert fordelt slik:

- Sogn og Fjordane: 3 representantar
- Hordaland: 4 representantar
- Rogaland: 4 representantar

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane stiller elles følgjande premisser for å etablere Vestlandsregionen:

- Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå
- Ansvar for kollektivtransport og vidaregåande opplæring skal framleis liggje til regionen/fylkeskommunane.
- Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- Ein føreset at alle tre fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen
- Ein legg til grunn at fylkesmannsambetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur
- Det vert lagt til grunn at fylkesmannsambetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leining frå Sogn og Fjordane.

Rådmannen si vurdering

Fylkeskommunane er i dag både tenesteproducentar, myndigheitsutøvarar og samfunnsutviklarar. Rolla og funksjonen har likevel endra seg sidan etableringa i 1976. Fylkeskommunen som demokratisk arena og tenesteproducent har blitt redusert, spesielt frå 2002 då ansvaret for spesialisthelsetenesta og barnevern vart overført til staten. Samstundes er samfunnsutviklerrolla vektlagt. Dette vart ytterlegare forsterka i samband med forvaltningsreforma i 2010, der fylkeskommunane fekk ansvar for hovuddelen av tidlegare riksveggar. Den mest sentrale delen av samfunnsutviklarrolla er nok likevel den regionale utviklarrolla, med særleg vekt på regional planlegging. Rådmannen meiner dette har vore ei vanskeleg rolle for fylkeskommunane og som enno ikkje har funne si endelege form. Generelt sett er det framleis eit potensiale med omsyn til å styrke samarbeidet med kommunane og nytte kommunane nettopp i arbeidet med å utvikle rolla som regional utviklingsaktør.

Det er gjennomført fleire reformer med omsyn til å endre strukturen og storleiken på regionane. Og som følgje av det har ein fått ein flora av analyser om ein framtidig regionstruktur i Norge. Rådmannen meiner alt tyder på at det vil bli gjennomført ein reell regionendring og at vi vil få færre og større regionar frå 2020. Sogn og Fjordane er eitt av dei minste fylka i landet, og det vil vere vanskeleg å sjå føre seg at Sogn og Fjordane får stå aleine også etter 2020.

Rådmannen legg òg til grunn premissen frå vårt eige fylkesting om at det vil vere svært uheldig å dele fylket. Det er fleire grunnar til dette, eit av dei handlar om identitet og felleskap. Vi er eitt av få fylke som framleis har ein fylkesidentitet. Den kan vi misse om vi blir delt. Men det er truleg større grunnar for å kunne framleis behalde denne om vi går samla inn i ein større region.

Rådmannen meiner vidare at vi kjem godt ut med omsyn til lokalisering og fordeling av oppgåver når det gjeld politisk- og administrativ organisering. For Sunnfjord sin del vil vi behalde – og styrke – fylkeskommunen sin kulturadministrasjon. Og vi vil ha ein sterk vegadministrasjon i fylket. Fylkesmannen vil på si side ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane, og landbruksavdelinga, som dag ligg i Sunnfjord, vil truleg også bli styrka.

Fordeling av representantar for fellesnemnda i overgangsperioden frå 2017 til 2020, er òg vekta godt. Sogn og Fjordane får 7 av 30 medlemmer og 3 av 11 medlemmer i arbeidsutvalet.

Rådmannen meiner forhandlingane som ligg til grunn for intensjonsavtalen har vore gode og konstruktive. Dei premissane som ligg til grunn i avtalen er òg viktige og m.a gjeld:

- overføring av viktige samfunnsoppgåver frå stat til den nye regionen
- kollektivtransporten og vidaregåande opplæring skal framleis ligge til regionalt nivå
- ein legg til grunn at dagens tre fylkeskommunar går inn i regionen i sin heilskap og på like vilkår
- fylkesmannen får ei organisering som speglar det nye regionivået
- fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltningsmodell med base i Sogn og Fjordane

Ei etablering av ein Vestlandsregion vil òg samsvare godt med kommunereforma. Sett med ein ny kommune i indre Sunnfjord sine «briller» vil ei ny region vere ein god samarbeidsaktør og kunne gi oss betre grunnlag for å samarbeide tettare på Vestlandet. Samstundes vil både kommunereforma med færre, men større kommunar saman med eit ny region skape ei langt sterkare og tydlegare stemme inn mot sentrale styresmakter. Men òg internasjonalt vil den nye regionen saman med den nye kommunestrukturen spele ei sterkare rolle t.d. innan olje og gass, fiskeri og maritim industri, samferdsle, innovasjon, reiseliv og kultur.

Rådmannen meiner avslutningsvis at administrasjonsspråket må vere nynorsk, i samsvar med dialekt- og skriftbruken på Vestlandet.

Med bakgrunn i dette vil rådmannen rå Kommunestyret til å støtte intensjonsavtalen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny region, Vestlandsregionen.

Atle Fasteland
rådmann

7

Merete Husabø Nornes

Fra: Ole Inge Gjerald
Sendt: torsdag 1. desember 2016 14:17
Til: Merete Husabø Nornes
Emne: Utdanningsforbundet

Fra: Hilde Kvamsås Aa
Sendt: 29. november 2016 16:52
Til: Inger Karin Sæbø Slinde
Kopi: alf.reidar.myrstad@utdanningsforbundet.no
Emne: Kommentarer til fylkesrådmannen si innstilling i saka Regionreforma på Vestlandet

Hei!


Jf. e-post tidlegare i dag om drøftingsmøtet i morgon. Utdanningsforbundet har ein kommentar til fylkesrådmannen si innstilling og saksutgreiing:

Viser til saksutgreiinga s. 19, 3. avsnitt. Utdanningsforbundet vil presisere at i høve til funksjonsfordeling er vi samde i at det primært er dei tilsette i sentraladministrasjonen som vert råka av eit vedtak om samanslåing. I høve harmonisering av løn og arbeidsvilkår, inklusive harmonisering av reglement, retningslinjer og rutiner, vil det ha direkte konsekvensar for alle tilsette i fylkeskommunen. Utdanningsforbundet føreset at representasjon i partsamansette utval vert handtert på hovudtillitsvaldnivå.

Med helsing
Hilde Kvamsås Aa og Alf Reidar Myrstad
HTV-F, Utdanningsforbundet



Nynorsk kultursentrum



Fylkeetinget i Rogaland
Fylkeetinget i Hordaland
Fylkeetinget i Sogn og Fjordane

Vår ref.: 443-536 OG

Hovdebygda / Fredrikstad / Vågå, 2. desember 2016

Vedtak om språk i Vestlandsregionen

Med leiande posisjonar i tre nasjonale kulturinstitusjonar bed vi innstendig om at fylkeetinga no tek stilling til spørsmålet om språk i Vestlandsregionen og ikkje sender saka over til fellesnemnda for avgjerd ein gong neste år. Vi bed om at fylkeetinga då vedtek at staten skal bruke nynorsk til regionen og at administrasjonsspråket i regionen skal vere nynorsk.

Høyringane om saka har gitt overveldande mange fråsegner til alle tre fylkeskommunane. Torsdag kveld 1. desember var det kome inn 603 fråsegner. Minst 469 av desse gjekk inn for nynorsk i den nye regionen. Så langt har vi funne fem fråsegner for bokmål og tre for nøytralitet.

Sjeldan eller aldri har ei høyring på regionalt nivå fått ei slik oppslutning. Nokre hovudpunkt er desse:

- Høyringsrunden viser eit sterkt og personleg språkpolitisk engasjement og stadfestar kor viktig nynorsk er for mange på Vestlandet
- Åtte av ti fråsegner går inn for nynorsk – generelt formulert eller meir presist om språk i skriv frå staten og/eller administrasjonsspråk i regionen
- Seks av ti fråsegner er skrivne av privatpersonar, og nesten alle handlar om språk. Her er det grasrota, grunnplanet, folk flest som snakkar og skriv, ikkje dei som ofte og gjerne tek ordet
- Så ulike aktørar som Bergen kommune, Sparebanken Vest, Fagforbundet i dei tre fylka, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Jæren prosti går alle inn for nynorsk

Dette inneber også at svært mange no ventar handling. I respekt for demokratiske spelereglar og dei som har teke imot invitasjonen til å engasjere seg i regionsaka, bør fylkeetinga ta stilling no. Det er fylkeetinga dei har valt, dei som har ytra seg, og det er til desse fylkeetinga dei har vendt seg med meiningane sine. Då må ikkje dette reduserast til ei oversendingssak til eit organ ingen har røysta på.

Øystein A. Vangnes (s)

rådsordførar Nynorsk kultursentrum

Magne Aasbrenn (s)

leiar Noregs Mållag

Mette Vårdal (s)

leiar Noregs Ungdomslag


Ottar Grepstad
direktør





Hordaland Fylkeskommune
v/ Thorbjørn Aarethun
fkh@fkh.no

Høringsuttalelse i forbindelse med etablering av vestlandsregion. Det er mange argumenter for å velge bokmål (subsidiært språknøytralitet) i den nye vestlandsregionen.

1 Bokmålsflertall

I den planlagte nye vestlandsregionen vil det bli et massivt bokmålsflertall. I grunnskolen i regionen er det 62,1 % bokmål, i videregående skole er det 78,5 % bokmål, og blant rekruttene er det 75 % bokmål. På bakgrunn av disse tallene, skulle det - etter vanlige, demokratiske spilleregler - bli bokmål som administrasjonsspråk. Se vedlagt tabell.

2 Lange tradisjoner

At nynorsk har lange tradisjoner på Vestlandet kan ikke tillegges vekt. Innbyggernes valg av språkform har endret seg. Som beskrevet i pkt. 1 ovenfor, har en større og større andel av innbyggerne i den aktuelle regionen valgt bokmål. Dette kan ikke neglisjeres av fylkesadministrasjonen, som har til oppgave å ivareta innbyggernes interesser.

3 Støtte for dialektene

Fra nynorskhold er det fremsatt påstand om at nynorsk er bedre støtte for dialektene enn bokmål. Dette er feil. Bokmål tar minst like godt vare på dialektene, hvilket Nord-Norge, Østlandet og deler av Sørlandet er gode bevis på. Alle de nevnte stedene er uten nynorsk, men det er vel ingen som tør å hevde at det er noe i veien med dialektene der?

4 Er ikke nynorsk kultur?

Selvfølgelig er nynorsk kultur. Men bokmål er også kultur, til og med flertallets kultur. Og i et demokratisk system kan ikke flertallet overkjøres uten videre. Bokmålsforbundet er enig i at et flertall må ta hensyn til mindretallet, men det betyr ikke at mindretallet skal bestemme over flertallet.

5 Språk som identitet

Fra nynorskhold hører vi ofte at det er viktig å beholde nynorsk for å ta vare på brukernes identitet. De glemmer lett at bokmålsbrukerne har samme behov for identitet, og bokmålsbrukerne er i flertall i den nye regionen. Den enkle løsningen på dette, er skissert i pkt. 9 nedenfor.

6 Flertall av nynorske kommuner

Å ta hensyn kun til antall kommuner i en region, uten å ta hensyn til folketall og innbyggernes individuelle målform, blir feil. Prinsippet «en person – en stemme» må gjelde innen språkpolitikken som i resten av samfunnet.

BOKMÅLSFORBUNDET og nettavisen Mål for Norge

Org. nr.: 976 726 901

Tlf. 55 34 46 01 / 55 32 72 50 Mobil: 901 20 18 / 924 83 283

www.bokmalsforbundet.no post@bokmalsforbundet.no

7 Nynorsk kjerneområde

Det hevdes at Vestlandet er nynorskens kjerneområde. Dette er riktig, i og med at det nesten ikke finnes nynorsk utenfor Vestlandet. Imidlertid er det en kjensgjerning at nynorsk er i mindretall i dette «kjerneområde». Fylkesstyret kan ikke neglisjere dette faktum ved valg av målform i den nye regionen.

8 Støtte ved hjelp av tvang?

Fra nynorsk hold hevdes det at nynorsk trenger støtte fra den nye vestlandsregionen for å overleve. Språktvang er aldri av det gode. Dessuten er det heller tvilsomt om man i det hele tatt støtter nynorsk ved å tvinge folk til å skrive en målform de ikke behersker. Det er gammel lærdom at tvang avler motvilje. Selv målmannen Ivar Aasen var imot tvangsinnføring av nynorsk. I et av sine skrifter sier han: *"Denne nye sprogformen (dvs. nynorsk) skulde aldeles ikke paabydes eller paanødes, man skulde opmuntre til dens Brug, men ellers lade Enhver bruge det Nye eller Gamle efter eget Godtbefindende"*.

9 Kompromiss

Vedlagte tabeller viser et klart bokmålsflertall i den nye vestlandsregionen. På den bakgrunn mener Bokmålsforbundet primært at regionen skal ha bokmål som administrasjonsspråk. Subsidiært vil vi imidlertid fremme et forslag som de fleste bør kunne leve med: Språklig nøytralitet. Dette innebærer at ansatte i administrasjonen kan benytte den målform vedkommende behersker best. Deler av vestlandsregionen har allerede en slik ordning i dag, og vil være enkel å gjennomføre for resten av regionen.

10 Generelt om høringsrunden

Som i andre, tilsvarende saker, ser det ut til å komme inn svært mange høringsuttalelser. De fleste av høringsuttalelsene er fra lokale mållag og enkeltpersoner som støtter nynorsk. Dette store antall høringsuttalelser må imidlertid ikke oppfattes som en massiv støtte til nynorsk i regionen, hvilket det ikke er. Tallene, oppgitt i vedlagte tabell er offisielle, og viser den virkelige tilslutningen til nynorsk i det aktuelle området. Forklaringen på det store antall «støtteerklæringer» for nynorsk er følgende:

- Mållagene bedriver masseproduksjon av høringsuttalelser, som distribueres dels fra lokale mållag, dels fra privatpersoner. Det er verdt å merke seg at mange av høringsuttalelsene bruker de samme argumenter som Noregs Mållag, og er mer eller mindre identiske.
- Denne masseproduksjon av høringsuttalelser til støtte for nynorsk er finansiert med offentlige midler ved at mange nynorske organisasjoner figurerer i statsbudsjettet med betydelige midler. Til sammenligning mottar Bokmålsforbundet ingen offentlig støtte.

Med vennlig hilsen
Bokmålsforbundet
Steinar Øksengård(s), formann

Dette dokument har kun elektronisk signatur.

BOKMÅLSFORBUNDET og nettavisen Mål for Norge

Org. nr.: 976 726 901

Tlf. 55 34 46 01 / 55 32 72 50 Mobil: 901 20 18 / 924 83 283

www.bokmalsforbundet.no post@bokmalsforbundet.no

Vedlegg.
Nynorsk i vestlandsregionen.

NYNORSK I GRUNNSKOLE, VIDEREGÅENDE SKOLE OG BLANT REKRUTTER												2015 - 2016	
	GRUNNSKOLE 2015				VIDEREGÅENDE SKOLE 2015				REKRUTTER 2015				
	Bokmål	Nynorsk	Totalt	% Nyn.	Bokmål	Nynorsk	Totalt	% Nyn.	Bokmål	Nynorsk	Totalt	% Nyn.	
Rogaland	46 266	14 212	60 478	23,50	3 935	223	4 158	5,36	5 140	539	5 679	9,49	
Hordaland	38 611	24 118	62 729	38,45	4 106	1 110	5 216	21,28	4 377	1 474	5 851	25,19	
Sogn og Fjord.	337	13 639	13 976	97,59	133	906	1 039	87,20	155	1 220	1 375	88,73	
SUM	85 214	51 969	137 183	37,88	8 174	2 239	10 413	21,50	9 672	3 233	12 905	25,05	

Presentert av Bokmålsforbundet, basert på tall fra GSI, Utdanningsdirektoratet og Forsvaret.

BOKMÅLSFORBUNDET og nettavisen Mål for Norge

Org. nr.: 976 726 901

Tlf. 55 34 46 01 / 55 32 72 50 Mobil: 901 20 18 / 924 83 283

www.bokmalsforbundet.no post@bokmalsforbundet.no